

Prosjekt om sirkulær anskaffing av møbel



Kva er prosjektet?



- Eit samarbeidsprosjekt mellom Universitetet i Bergen, Bergen kommune, Digdir, Leverandørutviklingsprogrammet og Vestland fylkeskommune
- Dialog med potensielle leverandørar innan ulike deler av møbelbransjen (og andre bransjar) for å få til miljøvenleg og innovative anskaffingar av møblar til mellom anna kontorbygg og skular.
- Målet er å få kunnskap om kva løysingar som finnast i marknaden og idéutveksling om kva som kan vere mogeleg å utvikle.

Kva meiner vi med sirkulær anskaffing av møblar?

- Kan gjelde alt frå bruktkjøp, leige eller leasing, bruk av resirkulerte materialer i nye møbel, effektiv transport og flytting, gode (digitale?) system for kontroll og vedlikehald
- Livssyklusplanlegging og lukka kretsløp



Kvifor sirkulær anskaffing av møblar?

- Møblering er ein svært viktig del av arbeidsmiljøet
- I tillegg til eit potensielt viktig miljøtiltak, har det også potensiale for innovasjon og næringsutvikling
- EU har identifisert møbel som eit prioritert område innanfor sirkulær økonomi

Utgangspunkt:

Møbel i fylkeskommunen

- Har i dag rammeavtale som blir nytta til å kjøpe inn nye møbel til kontor og skular og til å møblere større prosjekt
- Har ikkje hatt fast avtale knytt til kjøp av brukte møbel eller vedlikehald
- Har dyktige tilsette som gjennom planlegging, innkjøp, drift, vedlikehald og reinhald sikrar at vi kjøpar inn møblar med høg kvalitet og vi sikrar lang levetid.

Kva har vi gjort og kva skal vi vidare?

- Prosjektet er forankra i toppleiinga
- Har gjennomført dialogkonferanse i september 2019 med over 100 deltakarar
- Har gjennomført ein-til-ein samtalar med leverandørar
- Neste mål er å gjennomføre intern workshop mellom oppdragsgivarar
- For så å ha ekstern workshop mellom oppdragsgivarar, leverandørar og produsentar og andre



Kva har vi snakka med leverandørane om?

- Krav til/premiering av resirkulert materiale
- Korleis og i kva grad vi kan nytte brukte møblar
- Miljømerking og alternativ miljødokumentasjon
- Forlenging av levetid ved å kjøpe oppgraderingstenester/vedlikehald
- System for kontroll over kva møblar vi eig

Kva er vegen vidare?

- Bruker erfaringane i prosjektet til å gjennomføre anskaffing
- Fortsetje den gode dialogen med marknaden
- Fortsatt samarbeid og erfaringsutveksling mellom oppdragsgjevarar
- Gjennom strategisk bruk av innkjøpsmakt kan vi bidra til å redusere miljøbelastning
- Bruke prosjektet til å få erfaringar og verdifull kunnskap som vil vere nyttig for å gjennomføre andre sirkulære anskaffingar



Suksesskriterier og barrierer for prosjektet

- Samarbeid med fleire aktører er viktig! Nyttig erfaringsutveksling med andre
- Digdir har vore viktig fagleg ressurs i prosjektet
- Leverandørutviklingsprogrammet har hjulpet oss å tenkje nytt og formidle prosjekterfaring
- Forankre internt og bevisstgjøring
- Store offentlige organisasjoner – ting tar tid